

OG Arkitekter as
Pb 24

5819 BERGEN

Vår dato: 08.10.2015
Vår ref: 2015/987 - 19451/2015 / 41/95
Dykkar ref:

Løyve til igangsetting for resten av tiltaket - 41/95 - Tilbygg og fasadeendring Stord VGS, Saghaugen 3 – DS-536/15

Søknad om løyve til igangsetting, motteke 28.09.2015.

Tiltakshavar: Hordaland fylkeskommune **Ansvarleg søkjar:** OG Arkitekter

VEDTAK:

I medhald av § 21-4 i plan- og bygningslova (PBL) vert det gjeve løyve til igangsetting for resten av tiltaket.

Vilkår:

- Plassering skal vera som godkjent i rammeløyvet.

Merknader:

- For godkjenning av føretak for ansvarsrett i prosjektet syner me til saksutgreiinga.
- Ved tilknytning til offentleg vass- og avløpsleidningar skal *Søknad/melding om sanitærabonnement* godkjennast av Stord Vatn og Avlaup KF før tilkopling til kommunalt leidningsanlegg. For krav og plikter i samband med tilkopling sjå Sanitærreglement på Stord kommune sine heimesider (www.stord.kommune.no)
- SKL a/s må kontaktast dersom tiltaket er nærare enn 10 meter frå el. kablar i grunnen/leidningar i lufta eller det skal nyttast gravemaskin, betongpumpe, kranar m.m. nærare enn 30 meter frå høgspenteleidningar i lufta.
- Arbeidstilsynet sine vilkår lyt følgjast.
- Ved mindre endring som ikkje treng søknad og løyve på førehand skal det ved søknad om ferdigattest/bruksløyve sendast inn som bygd teikningar.
- Ved søknad om ferdigattest/bruksløyve skal det for frittliggjande tiltak liggja føre innmålte data for tiltaket og for tiltak som fell inn under Byggteknisk forskrift § 9-6 sitt krav til avfallsplan skal det liggja ved sluttrapport om faktisk disponering av avfallet.
- Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år. Det same dersom tiltaket stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. PBL § 21-9.

Vedlagd følgjer saksutgreiing.

Vedtaket kan påklagast til fylkesmannen. Klage må vere mottatt/posttempla innan 3 veker frå den dag dette brevet er motteke, jf. Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Klaga må grunngjevast skriftleg og signerast. Klagen skal sendast via Stord kommune, Regulering, Byggesak og Oppmåling, Postboks 304, 5402 Stord.

Klagen skal sendast til Stord Kommune, Regulering byggesak oppmåling, Postboks 304, 5402 Stord.

Med helsing

Irinja Almås
sakshandsamar

Kopi til:
Jan Ove Anthun
Liv Dahl Clausen
Håvard Pedersen
Jan Tore Bruckner

Rådmannen, den 08.10.2015

Saksutgreiing for sak DS-536/15

Dokumentoversyn:

Som grunnlag for denne handsaminga ligg føre følgjande dokument:

Søknad om igangsetting ved skjema datert 28.09.2015. Saman med skjema låg ved:

Søknad om ansvarsrett

Gjennomføringsplan, datert 28.09.2015

Søknad om fråvik frå TEK10 i eksisterande byggverk, datert 23.09.2015

Ansvar og kontrolldekning:

Følgjande føretak har søkt om ansvarsrett i prosjektet:

Ansvarleg føretak/ansvarsområde:

OG Arkitekter AS	SØK, PRO arkitekturprosjektering
H2 byggeteknikk AS	PRO konstruksjonssikkerheit (tiltaksklasse 2)
Scan Heis AS	PRO + UTF løfteinnretning
Engelsen Entreprenør AS	UTF grunn og betong (klasse 2)
COWI AS	PRO brann teknisk (klasse 3), brannalarm, nødllys, sanitær, ventilasjon, varme (klasse 2)
Fylkesnes	PRO miljøkartlegging
Glass og Byggeteknikk AS	UTF tømmer (klasse 1)
Klima og Energi service AS	UTF ventilasjon og klimateknikk (klasse 2)
Apply TB	UTF sanitær (klasse 2)
LOS Elektro	UTF brannalarm, nødllys, ledesystem
Multiconsult AS	Uavhengig kontroll av brannkonsept (PRO) og konstruksjonssikkerheit (PRO+UTF)

Det er søkt om fråvik frå krav i TEK10 (tettleik, energi, ventilasjon) i eksisterande byggverk og fritak for krav om uavhengig kontroll av bygningsfysikk med følgjande grunngeving: Det er vanskeleg teste ut tettleik, energi og ventilasjon i tilbygg som er opent inn mot eksisterande del av bygning. Tilbygg og nye bygningselementer vert utført etter krav i TEK10.

Kommunen kan med heimel i § 31-2 fjerde ledd gje løyve til ombygging og rehabilitering av eksisterande byggverk når det ikkje er mogeleg å tilpasse byggverket til tekniske krav utan *uforholdsmessige kostander*, dersom ombyggingen er *forsvarlig* og nødvendig for å sikre *hensiktsmessig* bruk. Kommunen vurderer her at *vilkår* for unntak er til stades, og gjev fråvik frå krav i TEK10 med omsyn til energieffektivitet og ventilasjon. Det er ikkje naudsynt med uavhengig kontroll av bygningsfysikk i tiltaket.

Føretak som har søkt ansvarsrett har sentral godkjenning/tidlegare lokal godkjenning for omsøkte fagområde. Ut frå dette finn me å kunne godkjenne føretaka for ansvarsrett for dette tiltaket.

Alle aktuelle fagområde for igangsetjingsløyvet vert då dekkja av ansvarsrett.

Handsamingsgrunnlag:

Rammeløyve gitt i DS- 227/15, datert 30.04.2015

Løyve til igangsetting for grunn, betong, heissjakt, DS-396/15

Konklusjon:

Vilkår og føresetnader sett i rammeløyvet er oppfylt.

Søknad om løyve til igangsetting for resten av tiltaket i samband med oppføring av tilbygg, fasadeendring på eigedomen gnr/bnr 41/95 vert difor godkjent på nærmare fastsett vilkår.

Saka er avgjort i medhald av § 21-4 i plan- og bygningslova og i samsvar med delegasjonsfullmakt.